



Statens vegvesen

Notat

Til: 3 Postmottak Region vest
Kristian Bauge
Frå: Bompengeforvaltning
Kopi:

Sakshandsamar/telefon:
Konstantin Stensbak-Friesen / 41104865
Vår dato: 10.10.2018
Vår referanse: 17/17796-144

Takstvedtak for endra takst- og rabattstruktur inkl. tilskotsordning for fv7/rv 13 Hardangerbrua

Vegdirektoratet viser til notat av 14.09.2018 frå regionen, dokument 143 i same sak, der det er søkt om nytt takstvedtak for fv7/rv13 Hardangerbrua.

Endra takst og rabattsystem

Det endra takst- og rabattsystemet for fv7/rv13 Hardangerbrua er i tråd med føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2/Innst. 13 S (2015–2016) og har fått lokalpolitisk tilslutning i aktuelle kommunar og fylkeskommunar. I den lokalpolitiske handsaminga av saka blei det lagt til grunn ei snarleg evaluering av takst- og rabattsystemet om endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.

Bompengetakstane i prosjektet har ikkje vore prisjustert sidan 2013. Bomselskapet har vurdert at prisjustering av takstane vil føre til avvisning av trafikk, som igjen vil føre til lågare bompengainntekter.

Vegdirektoratet tilrår at ein vurdering av endra takst- og rabattssystem blir gjennomført innan 6 månader etter omlegginga og at prisjustering av takstane blir vurdert i samband med dette.

Med basis i dette godkjenner Vegdirektoratet følgjande takst- og rabattopplegg for fv7/rv13 Hardangerbrua:

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar i 2013-kr.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Hardangerbrua	159	638

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får 20 pst. rabatt. Dei andre køyretøya får ingen rabatt.

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn eit passeringstak på 25 passeringar pr. månad for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale. Elles gjeld dei til ei kvar tid gjeldande takstretningslinjer for bompengeprojekt.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer. Per i dag gjelder følgjande:

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Gjennom handsaminga av Prop. 87 (2017–2018) er det opna for at det kan innførast bompengebetaling for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeanlegg om det er lokalpolitisk tilslutnad til dette. Takstane for nullutsleppskøyretøy kan variera mellom 0 og 50 pst. av ordinær takst fråtrekt brikkerabatt. Vegdirektoratet vil koma attende til nærare opplegg for betaling av bompengar for nullutsleppskøyretøy for fv7/rv13 Hardangerbrua om lokale styresmakter ynskjer å innføra ein slik betaling. I tråd med bompengepolitikken generelt er det føresett lokalpolitiske vedtak for å kunne innføra bompengebetaling for nullutsleppskøyretøy. Inntil vidare er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy køyrer gratis i bomstasjonen. Gratis passeringar med nullutsleppskøyretøy føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Tilskot til reduserte bompengetakstar

Vi viser til Vegdirektoratets brev av 07.03.2016 til bompengeselskapa om tilskot til reduserte bompengar utanfor dei største byområda.

Fv7/Rv13 Hardangerbrua er kvalifisert til å få tilskot for reduserte bompengetakstar. Tilskotet blir gitt årleg i innkrevjingsperioden med atterhald om Stortingets årlige løyving til ordninga. Målet med ordninga er å redusere gjennomsnittstaksten med minst 10 pst., samt å motivere bompengeselskapa til gjennomføring av bompengereforma gjennom å slutte seg til dei nye regionale bompengeselskapa og å legge om takst- og rabattstrukturen i tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016).

Tilskotet til fv7/rv13 Hardangerbrua er rekna til å vere 9 mill. 2017–kr. Tilskotet skal nyttast til å redusere gjennomsnittleg bompengetakst med minst 10 pst.

Gjennomsnittleg takst for fv7/rv13 Hardangerbrua er rekna til kr 146. Ein reduksjon 10 pst. gjev ein gjennomsnittstakst på kr 132. Takstane i tabell 2 er fastsett med utgangspunkt i den reduserte gjennomsnittstaksten.

Tabell 2: Reduserte bompengetakstar for Fv7/Rv13 Hardangerbrua i tråd med tilskotsordninga for bompengeprosjekt på riksveg utanfor dei store byområda i 2013-kr.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Hardangerbrua	143	574

Om tilskotsordninga heilt eller delvis fell vekk, vil bompengeselskapa få moglegheit til å auke takstane til ordinært nivå, jf. tabell 1, justert for vekst i konsumprisindeksen. Vegdirektoratet skal på vanlig måte godkjenne ein ev. tilbakesetting av takstane.

Takstvedtaket skal annonserast seinast 4 – 6 veker før gjennomføringa. I annonseteksten skal det orienterast om at det er mogleg å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.